



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 25. mars 2019

Til medlemmene i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 2/19

TID: 1.4.2019 kl. 09:30

STED: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus

SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR. TITTEL

- | | |
|----------|---|
| PS 09/19 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25. FEBRUAR 2019 |
| PS 10/19 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
| PS 11/19 | PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
«BRUKARMEDVIRKNING INNEN HELSE OG OMSORG I AUKRA KOMMUNE» |
| PS 12/19 | OPPFØLGINGSLISTE |
| PS 13/19 | EVENTUELT |

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mobil 91 37 11 12.

E-post: jane.anita.aspen@molde.kommune.no

Innkallinga går som melding til varamedlem som vert innkalla etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)
leiar

Jane Anita Aspen (s)
daglig leder

Kopi:

Ordførar

Rådmann

Møre og Romsdal Revisjon IKS



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1547/02
Arkiv: 033 & 17
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 21.3.2019

Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 09/19	Kontrollutvalet	1.4.2019

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25. FEBRUAR 2019

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 25. februar 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidlegare utsendt.
Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i dette møte samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	1/19
Møtedato:	25.2.2019
Tid:	Kl. 09.30 – kl. 14.40
Møtestad:	Møterom kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr:	01/19 – 08/19
Møteleiar:	Oddvar Hoksnes (Krf)
Møtande medlemmer:	Ole Rakvåg, nestleiar (Uavh.) Oddbjørg Sporsheim (V) Håkon Inge Sporsheim (Frp) Wilhelm Andersen (Ap)
Forfall:	Ingen
Møtande vara:	Ingen
Ikkje møtt:	Ingen
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	Ingen
Av øvrige møtte:	Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef drift og forvaltning (OS 01/19) Erna Varhaugvik, økonomisjef (under OS 01/19 og OS 03/19)

Protokollen vert formelt godkjent i neste møte

Utvalsleiar Oddvar Hoksnes ønska velkommen og leia møtet.

Det vart framsett følgjande forslag om endring i referat og orienteringssaker: Det vert lagt fram ei ekstra referatsak 09/19. OS 02/19 vert utsett til neste møte, men det vert gjeve ei ekstra orientering, OS 04/19.

Det framkom ingen merknader til innkallinga.

Innkalling og sakliste vart godkjent med desse endringane.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 01/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10. DESEMBER 2018
PS 02/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 03/19	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
PS 04/19	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2018
PS 05/19	MØTEPLAN FOR 2019
PS 06/19	ARBEIDSPLAN 2019. KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE
PS 07/19	OPPFØLGINGSLISTE
PS 08/19	EVENTUELT

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 10. desember 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Oddbjørg Sporsheim
2. Håkon Inge Sporsheim

Kontrollutvalet si handsaming

Oddbjørg Sporsheim og Håkon Inge Sporsheim vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 10. desember 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming**Referatsaker:**

- RS 01/19 **Nytt økonomireglement** - saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 13.12.2018, K-sak 93/18.
- RS 02/19 **Fond i kommunen si balanse** – saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 13.12.2018 , K-sak 95/18.
- RS 03/19 **Rapportering finansforvaltning pr 31.08.2018** - saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 13.12.2018 , K-sak 96/18.
- RS 04/19 **Innkalling til møte i representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS 18.1.2019.**
- RS 05/19 **Protokoll frå møte i representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS 18.1.2019 .**
- RS 06/19 **Høyringsnotat om ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift, Kommunal og moderniseringsdepartementet**, samt invitasjon til høyring frå FKT med høyringsfrist 15.3.2019.
- RS 07/19 **FKT – Høringsutkast – Veileder - Kontrollutvalgets påse-ansvar over for regnskapsrevisor**, med høyringsfrist 15.3.2019.

RS 08/19 **Innkalling til AMU 20.2.2019.**

RS 09/19 **FKT – Innkalling til fagkonferanse og årsmøte 3.-4.6.2019**
Oddvar Hoksnes og Ole Rakvåg deltek på konferansen. Oddbjørg Sporsheim er vara dersom nokon må melde forfall.

Orienteringssaker:

OS 01/19 **Barnevernstenester**

Dette var ei sak frå oppfølgingslista. Kontrollutvalet hadde bedt rådmannen undersøke, og gje tilbakemelding til utvalet, om barnehagar og skular i Aukra kommune er fornøgd med den samhandlinga dei har med barnevernstenesta.

Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef drift og forvaltning, orienterte utvalet.

Det var samla inn tilbakemelding frå både barnehagane og skulane, og Hovdenak refererte til informasjonen frå kvar av dei.

Hovudtrekket er at dei er godt fornøgd med samhandlinga med barnevernstenesta, og har opplevd ei forbetring i tenestene. Det er rask responstid, og det vert opplevd at det vert gjeve god rettleiing i saker, gode fagfolk og ein har lav terskel for å kunne ta kontakt.

Det som vert nemnt som utfordringar, er når det er bytte av saksbehandlarar. Særleg kan dette vere ei utfordring for foreldra.

Hovdenak informerer at Aukra kommune har hatt ei stor auke i talet på saker og auke i alvorlege saker. Hovdenak peikar på at det kan vere ulike årsaker til ei slik auke. Det kan skuldast at dei tilsette i barnehagar, skule og helse har fått meir kunnskap. Auka kunnskap kan ha ført til meir fokus? Det har det vore gjennomført eit 8 dg kurs knytt til *Vold i nære relasjonar*.

Hovdenak understreker at i ein liten kommune som Aukra, så kan ein oppleve store variasjonar i talet på saker. Det er naudsynt å sjå utviklinga over noko lengre tid.

Kommunalsjefen opplyser at dei har fått eit nytt tilbod – Barnevernsvakt. Det har vore behov for å nytte seg av vakta, og erfaringa var at den fungerte bra ved utrykking.

Kostnadane til barnevern har hatt ei stor auke:

2016 - 4,6 mill. kroner

2017 - 6,9 mill. kroner

2018 - 7,6 mill. kroner

Hovdenak viste vidare til rapporten for barnevernstenesta 1. halvår 2018, som kontrollutvalet i førre møte fekk framlagt som referatsak. Kontrollutvalet kommenterte då at det var ein liten del av stillingane som går til tiltak, medan den største delen går til fagstillingar knytt til saksbehandling. Hovdenak meiner at rapporten kan vere litt missvisande. Kommunalsjefen presiserer at utvikling er at ein større del av midlane går til tiltak no, en tidligare. Når det er ei auke i saker, så går andelen av midlar som går til saksbehandling/administrasjon ned og midlar til tiltak aukar.

Kommunalsjef drift og forvaltning, Jan Erik Hovdenak, svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

OS 02/19 **Informasjonssikkerheit**

Kontrollutvalet hadde bedt om ein statusrapport frå rådmannen knytt til implementering av nytt personvernregelverk.

Administrasjonen bad om å få utsetje statusrapporten til neste møte.

OS 03/19 **Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»**

Økonomisjef Erna Varhaugvik gav utvalet ein statusrapport for arbeidet med å følgje opp tilrådingane.

Innkjepsreglementet er no i tråd med regelverket. Det er også korrigert slik at det ikkje lenger er krav om konkurranse for innkjøp under 100 000,-.

Planen for organisering av innkjøpsområdet er presentert for leiargruppa. Planen var å trekke inn ressursar frå einingane, slik at ein kan opprette ei sentral stilling med ansvar for området. Dette er det ikkje funne ei løysing på enno. Leiarane var positiv til at det vert oppretta ei sentra stilling, men ikkje til å vere med på finansieringa.

Varhaugvik opplyser at det parallelt er arbeid med å beskrive roller som rekvirent, bestillar og tilvisar. Innkjøp krev delegasjon av mynde. Det vert jobba med å få på plass dette. Leiargruppa er informert undervegs.

Det vart gjennomført ei opplæringsksamling i haust, og det har i tillegg vore gjeve mykje 1:1 opplæring. Ein vil ta opp att arbeidet med opplæring, når ein no er ferdig med årsoppgjersarbeidet.

Erna Varhaugvik understrekar at området krev fokus, kompetanse og innsats. Det må arbeidast systematisk og ein må forhalde seg til reglement og rammeverk.

Varhaugvik påpeikar også at det er behov for ei rolleavklaring mot ROR-innkjøp. Ror- Innkjøp kjører konkurransar på rammeavtalar. Kommunane får melde inn behov.

Erna Varhaugvik gjev uttrykk for at det er avsett lite ressursar i Aukra kommune til å følgje opp eit så tungt område. Organisasjonsforma som kommunen har valt er krevjande, noko som også speglar seg att på dette området. Varhaugvik ser at det er behov for å rigge meir kontrollaktivitet, for å sikre rådmannen sin internkontroll.

Økonomisjef Erna Varhaugvik svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i statusrapporten.

Kontrollutvalet ønskjer å følgje med vidare, og ønskjer ein ny orientering i første møte hausten 2019.

OS 04/19

Årsresultat 2018

Økonomisjef Erna Varhaugvik ga utvalet ei kort orientering om hovudtala.

Årsresultatet viser eit mindreforbruk på 135 mill. kroner.

Varhaugvik understrekar at dette er naudsynt, dersom ein skal klare å finansiere kjerringsundet. 100 mill. kroner vert sett av årleg til dette.

Mindreforbruket vart litt lågare enn det såg ut til ved 2. tertial. Dette skuldast stor svikt i finansforvaltninga på slutten av året. Det vert 8,5 mill. mindre til disposisjonsfondet, enn budsjettert.

Disposisjonsfondet er no totalt på 524 mill. kroner, av dette er 440 mill. kroner satt av til fond for fastlandssamband.

Det er 4,3 mill. i auke i frie disponible midlar.

Einingane har 5,9 mill. i meirforbruk.

Netto lånegjeld er redusert frå 420 mill. kroner til 385 mill. kroner i 2018. Låna vert i Aukra kommune nedbetalt på 15 år.

Investeringane er ca. 43 mill. lågare enn budsjettert.

Økonomisjef Erna Varhaugvik svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 03/19

BESTILLING AV FORVALTNINGSEVISJONSPROSJEKT

Kontrollutvalet sitt vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:
Brukarmedverking innan helse og omsorg.
2. Undersøkinga skal bygge på aktuelle problemområder som er skissert i møteprotokollen.
3. Prosjektet vert bestilt utført hos Møre og Romsdal Revisjon IKS.
4. Prosjektplan skal utarbeidas og leggas fram for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gav uttrykk for at dei støtta sekretariatet si tilråding til prosjekt. Utvalet meiner at problemstillingane i saksframlegget knytt til brukarmedverking innan helse og omsorg er dekkande for det utvalet ønskjer å få belyst i forvaltningsrevisjonsrapporten.

Utvalet ber difor revisjonen å ta utgangspunkt i følgjande problemstillingar ved utforming av prosjektplanen:

- Får pasient og brukarar medverke til gjennomføring av helse og omsorgstenestene dei mottek, og vert tenestetilbodet utforma i samarbeid med pasient, brukar og pårørande?
- Har kommunen eit system for å innhente erfaringar frå brukarar, pasientar og pårørande av helse og omsorgstenester i kommunen?
- Blir erfaringar frå brukarar og pårørande brukt til å planlegg og forbetre helse- og omsorgstenestene i Aukra kommune?

Utvalet har eit sterkt ønskje om at forvaltningsrevisjonsrapporten vert ferdig til å kunne hansamast i møte 25.9.2019.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 04/19	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2018
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet vedtar årsmeldinga for 2018. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2018 vert teke til vitande.

Kontrollutvalet si handsaming

Det framkom ingen merknader til årsmeldinga i møte, utover nokre skrivefeil som vert retta opp før oversending til kommunestyret.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 05/19	MØTEPLAN FOR 2019
-----------------	--------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Følgjande møteplan for 2019 vert godkjend:

Veke	Dato	Møte nr	Saker til behandling
9	25.02.	1/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt▪ Kontrollutvalet si årsmelding for 2018▪ Møteplan for 2019▪ Arbeidsplan 2019 – Kontrollutvalet i Aukra
14	01.04.	2/19	<ul style="list-style-type: none">▪ Orientering knytt til utanforskap▪ Val av revisor frå 2020▪ Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

19	06.05.	3/19	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskap 2018 for Aukra kommune ▪ Revidering av reglement for kontrollutvalet
39	25.09.	4/19	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Økonomirapport 1. tertial 2019 ▪ Forvaltningsrevisjonsrapport? ▪ Kommunikasjons-/revisjonsplan for revisjonsåret 2019 ▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2019 ▪ Rapport frå kontrollutvalet si verksemd valperioden 2015-2019
47	18.11.	5/19	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Økonomirapport for 2. tertial 2019 ▪ Opplæring av nytt kontrollutval ▪ Bestilling av overordna analyse for forvaltningsrevisjon 2020-2024

Kontrollutvalet sin leiar, i samråd med sekretariatet, vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

Kontrollutvalet si handsaming

Det vart gjeve ein merknad til at det er lang tid mellom møte 3 og 4. Sekretær forklart dette med at møte 3/19 6.5.2019 er låst grunna handsaming av årsrekneskapen. Sidan det er ønskeleg å behandle prosjektplanen så tidleg som mogeleg, så vart det lagt inn eit møte 1.4.2019 (2/19). Dersom framskundar møte som er lagt til 25.9.2019, så vil ikkje revisjonen rekke å få ferdig forvaltningsrevisjonsrapporten. Den vil då først bli levert i november. Det er berre budsjettert med 5 møter i 2018.

Ut frå denne forklaringa støttar utvalet innstilling til møtedatoar. I kolumna *Saker til behandling*, vert det framsett forslag om å gjere følgjande korrigerering:

- *Møte nr. 2/19- Orientering knytt til utanforskap*
- *Møte nr. 4/19- Økonomirapport 1. tertial 2019/finansrapport*
- *Møte nr 5/19 - Økonomirapport 1. tertial 2019/finansrapport*

Når det gjeld orientering knytt til utanforskap, så vert det vist til protokollen sak 08/19 Eventulet. Utvalet forventar at rådmannen legg fram finansrapport i same møter som økonomirapport.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Følgjande møteplan for 2019 vert godkjend:

Veke	Dato	Møte nr	Saker til behandling
9	25.02.	1/19	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt ▪ Kontrollutvalet si årsmelding for 2018 ▪ Møteplan for 2019 ▪ Arbeidsplan 2019 – Kontrollutvalet i Aukra
14	01.04.	2/19	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Verksemdsbesøk? ▪ Val av revisor frå 2020 ▪ Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt
19	06.05.	3/19	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskap 2018 for Aukra kommune ▪ Revidering av reglement for kontrollutvalet
39	25.09.	4/19	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Økonomirapport 1. tertial 2019/finansrapport ▪ Forvaltningsrevisjonsrapport?

			<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunikasjons-/revisjonsplan for revisjonsåret 2019 ▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2019 ▪ Rapport frå kontrollutvalet si verksemd valperioden 2015-2019
47	18.11.	5/19	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Økonomirapport for 2. tertial 2019/finansrapport ▪ Opplæring av nytt kontrollutval ▪ Bestilling av overordna analyse for forvaltningsrevisjon 2020-2024

Kontrollutvalet sin leiar, i samråd med sekretariatet, vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

PS 06/19	ARBEIDSPLAN 2019. KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet godkjenner Arbeidsplan for 2019, med dei endringar som kjem fram i møte. Arbeidsplanen vil fortløpande bli oppdatert av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet si handsaming

Det vart i møte gjort følgjande korrigeringar i arbeidsplanen:

Oppgåver knytt til tilsyn med forvaltninga

- Kontrollutvalet har fordelt merksemd på politiske utval slik:
 - Saker frå drift og arealutvalet – Håkon Inge Sporsheim
 - Saker frå livsløpsutvalet – Ole Rakvåg
 - Saker frå administrasjonsutvalet – Oddbjørg Sporsheim
 - Saker frå formannskapet - Ole Rakvåg
 - Saker frå eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma – Wilhelm Andersen

01.04.19 Orientering om utanforskap
25.09.19 Økonomirapport 1. tertial/finansrapport
18.11.19 Økonomirapport 1. tertial/finansrapport

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 07/19	OPPFØLGINGSLISTE
-----------------	-------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Følgjande saker vert ført opp på oppfølgingslista:

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.

Barnevernstenester

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune.

Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.

Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.

25.02.19: Kommunalsjef drift, Jan Erik Hovdenak orienterte utvalet i dagens møte, jf. OS 01/19.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval.

Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.

Grunnskoleområdet

Kontrollutvalet fekk i 2016 framlagt tilsynsrapporten «Skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole» Tilsynet viste (3 avvik).

Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt kommunen sin tilstandsrapport for grunnskoleområdet, for å følgje med på utvikling på området.

Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune

Fylkeslegen hadde i 2016 tilsyn og avdekt følgjande; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette har nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» avdekte også utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen. I 2017 har det vore uro knytt til ny arbeidstidsordning ved Aukraheimen og i 2018 vart det nye omsorgssenteret tatt i bruk. Utvalet ynskjer difor å følgje utviklinga.

Informasjonssikkerheit

Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR).

25.02.19: Administrasjonen bad om at orienteringa vert utsett til neste møte

Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»

Kontrollutvalet behandla i møte 15.3.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.

Tilrådingane var knytt til følgjande områder:

-Tiltak for etterleving av regelverket

-Anskaffingar etter regelverket

-Bruk av rammeavtalar

-Organisering av området

Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kunne behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.

25.02.19: Økonomisjef Erna Varhaugvik gav utvalet ein statusrapport for arbeidet med oppfølging av tilrådingane, jf. OS 03/19. Utvalet ønskjer ei ny orientering i først møte hausten 2019.

Kontrollutvalet si handsaming

I dette møtet vart det gjeve følgjande orienteringar frå administrasjonen knytt til oppfølgingslista:

▪ **Barnevernstenester**

Kommunalsjef drift og forvaltning, Jan Erik Hovdenak, orienterte utvalet.

Det vart framsett forslag om å føre opp sakene som gjekk fram av saksframlegget på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Følgjande saker vert ført opp på oppfølgingslista:

PS 08/19	EVENTUELT
-----------------	------------------

Verksemdsbesøk/orientering frå einingsleiar

I kontrollutvalet sin møteplan er det sett av tid til besøk i ei kommunal verksemd. Alternativt kan ein einingsleiar inviterast til å gje informasjon om si eining.

Kontrollutvalet si behandling

Kontrollutvalet hadde ein grundig diskusjon om aktuelle verksemder/orienteringar.

Dette vart i diskusjonen snevra inn til ønskje om nokon som kunne peike på utfordringar i Aukra kommune, også med eit blikk litt utanfrå. Det var framsett eit ønskje om å få fokus på eit område som var vurdert for forvaltningsrevisjon, men ikkje valt denne gongen: **Utanforskap**. Korleis klarer Aukra kommune å integrere innbyggjarane sine? Dette gjeld både dei som er født i Aukra kommune og dei som kjem flyttande til kommunen.

Konklusjon

Utvalet ønskjer i møte 01.04.19 å sette av 2 timar til orientering. Denne vert delt inn i to delar med 1 time på kvar:

Del 1

Utvalet ønskjer å invitere Barnevernstenesta for å orientere om følgjande tema:

- Kva er utfordringane for Aukra kommune på barnevernsområdet?
- Ei beskriving av utviklinga på barnevernsområdet i Aukra kommune?

Del 2

Utvalet ønskjer å invitere representantar frå

- Skolesektoren (pedagogisk konsulent/rektor)
- Barnehagesektoren (barnehagekonsulent/einingsleiar)
- Flyktningsenesta
- Barnevernstenesta

For å orientere om følgjande tema:

- Kva er utfordringane i forhold til utanforskap i Aukra kommune?
- Korleis arbeider ein førebyggjande for å hindre utanforskap?

Spørsmål frå Wilhelm Andersen

Utvalsmedlem Wilhelm Andersen fremja til førre møte nokre spørsmål som kontrollutvalet vart oppmoda om å følgje opp. Av omsyn til tid, så vart spørsmåla utsett til dagens møte. Spørsmåla var som følgjer

- Med stadig økende krav til bruk av digitale henvendelser til kommunen, er vi tjent med kommunes hjemmeside?
- Videooverføring fra kommunestyremøtene er i store perioder uten lyd.

- Er det rutiner for sikring og vedlikehold av kommunale veier?
- Er det rutiner for vedlikehold av kommunale bygninger og leiligheter?

Kontrollutvalet si behandling

Andersen påpeikte at det særleg dei to siste kulepunkta som var aktuelle, dei to første er løyst/er under løysing.

Utvalet diskuterte og konkluderte med at det var ønskjeleg å be om ei orientering frå administrasjonen.

Konklusjon

Utvalet ønskjer i møte 6.5.2019 å få ei orientering knytt til følgjande problemstilling:

- Teknisk drift og vedlikehald av bygg og utleigebustader i Aukra kommune

Sluttrekneskap

Utvalet ønskjer å ta fatt i merknad som framkom i Årsmelding 2018.

Kontrollutvalet har i 2018 ikkje fått seg førelagt sluttrekneskap for investeringsprosjekt.

Konklusjon

Utvalet ber om å få førelagt plan for når sluttrekneskap for investeringsprosjekta vil vere klare.

Innbyggjarinnspel

Utvalsmedlem Håkon Inge Sporsheim tok opp ei problemstilling knytt til invitasjon til innbyggjarane om å kome med innspel til bygging av Kulturhus og basseng. Sporsheim stiller spørsmål til om hans og andre sine innspel har vorte skikkelg behandla.

Kontrollutvalet si behandling

Sekretær understrekar at kontrollutvalet ikkje kan vurder om eit vedtak er tenleg for kommunen eller ikkje. Utvalet si oppgåve er å undersøke om saker vert rett handsama, om det er tilstrekkelege rutinar og prosedyrar, og om desse vert følgt.

Utvalet hadde ein grundig diskusjon om dette er ei sak utvalet ønskjer å følge opp og eventuelt på kva måte.

Konklusjon:

Kontrollutvalet ønskjer ei tilbakemelding om følgjande:

- Kva prosedyrar har kommunen for vurdering av innbyggjarinnspel?
- Vert inngåande og utgåande dokumentasjon lagra i saks- og arkivsystemet?
- Korleis har innbyggjarinnspel til bygging av Kulturhus og basseng vorte behandla?

Oddvar Hoksnes
leiar

Ole Rakvåg
nestleiar

Oddbjørg Sporsheim
medlem

Håkon Inge Sporsheim
medlem

Wilhelm Andersen
medlem

Jane Anita Aspen
sekretær



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 10/19	Kontrollutvalet	1.4.2019

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Bakgrunn for saka

Referatsaker:

- RS 10/19 **Årsrapport for 2018 – Skatteoppkreveren i Aukra kommune** (vedlagt)
- RS 11/19 **Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Aukra kommune** – brev frå Skatteetaten, Skatt Midt-Norge, datert 15.2.2019 (vedlagt)
- RS 12/19 **Årsmelding for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 2018** (vedlagt)
- RS 13/19 **Protokoll fra styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 27.2.2019** (vedlagt)
- RS 14/19 **Budsjettforslag for 2019 for kontroll og tilsyn** - saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 12.3.2019, K-sak 20/19 (vedlagt).
- RS 15/19 **Kontrollutvalet – Årsmelding for 2018** - saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 12.3.2019, K-sak 21/19 (vedlagt).
- RS 16/19 **Møteprotokoll AMU 20.2.2019** (vedlagt).

Orienteringssaker:

- OS 05/19 **Utanforskap.** Korleis klarer Aukra kommune å integrere innbyggjarane sine? Dette gjeld både dei som er født i Aukra kommune og dei som kjem flyttande til kommunen.
- Kva er utfordringane for Aukra kommune på barnevernsområdet?
 - Ei beskriving av utviklinga på barnevernsområdet i Aukra kommune.
 - Kva er utfordringane i forhold til utanforskap i Aukra kommune?
 - Korleis arbeider ein førebyggjande for å hindre utanforskap?
- OS 06/19 **Informasjonssikkerheit**
Kontrollutvalet har bedt om ein statusrapport frå rådmannen knytt til implementering av nytt personvernregelverk.

Kontrollutvalgsekretariatet for Romsdal	
Kommunenr: 1547	
Dato: 27 FEB 2019	
Saks og <small>nr</small> : 1547	Løpenr: 084/19
Arkivkode: 232	Gradering:

Organisering
Arbeidsgiverkontroll
Innfordring

Skatteoppkrever

Margin
Skatteinngang
Skatteregnskap

Årsrapport

Årsrapport for 2018

**Skatteoppkreveren i
Aukra kommune**

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Skatteutvalg	4
1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen	4
2. Skatteregnskapet.....	4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	4
2.2 Vurdering av skatteinngangen	4
2.3 Margin	4
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklingen.....	5
3.2 Innfordringens effektivitet	6
3.3 Særnamskompetanse.....	7
4. Arbeidsgiverkontroll.....	7
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	7
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller.....	7
4.3 Resultater fra kontrollene	7
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten	7
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	7
4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak	8

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

Skatteoppkreverne skal i henhold til Skatteoppkreverinstruksen § 2-9 nr. 1 utarbeide en årsrapport i samsvar med retningslinjer gitt av Skattedirektoratet. I henhold til § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkreveren også utarbeide et årsregnskap som vedlegges årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle hvordan oppgavene skatteregnskap, innkreving og arbeidsgiverkontroll er ivare tatt ved skatteoppkreverkontoret.

1.1 Skatteoppkreverkontoret – organisering, ressurser og kompetanse

Organisering

Kontoret har nå ansvaret for skatteoppkreverfunksjonen for Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra. Dette innebærer at kontoret er registrert i Brønnøysundregisteret med eget undernummer under Molde kommune med navnet Romsdal kemnerkontor. Kontoret er samlokalisert med Skattekontoret i Molde.

Kontoret har i 2018 hatt en grunnbemanning på 9,0 årsverk. Permisjon og sykemeldinger gjør at kontoret i 2018 har hatt 8,7 årsverk. Av den totale bemanningen har 0,16 årsverk vært utleid til regnskapskontroll for Fræna kommune.

Alle saksbehandlere har i 2018 jobbet med skatteyttere både i Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra kommuner. Innfordring av personlige skatter er fordelt mellom tre personer i 100 % stillinger, Unni Hoem, Siri Merethe Vikhagen, som er i fødselspermisjon og Erna Småge. Ine Marie Volden har vikariert for Siri Merethe Vikhagen fra mai 2018. Kontoret fikk noe vakanse i den forbindelse, Astrid Lillebostad og Elisabeth Gjerde har innfordringen av alle typer krav vedrørende upersonlige skatteyttere. I tillegg er føring av skatteregnskapet og arkivering tillagt disse. Kontoret har hatt to kontrollører som i sin helhet jobber med regnskapskontroll, Gunnar Vilnes og Aud Rød. Gunnar Vilnes er utleid intern i kommunen fra november 2018. I tillegg til Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra, utfører kontoret regnskapskontroller for Fræna kommune. Alf Magne Slemmen har ansvaret for utleggsforretninger og tyngre innfordring av alle skattearter. Slemmen ble pensjonist 31. mars 2018. Anne Katrine Jacobsen erstattet Slemmen og startet i stillingen 1. januar 2018. Steinar Mundal leder seksjonen og har diverse saksbehandling. Skatteoppkreveren for Molde, Vestnes, Midsund, Nesset og Aukra er Kurt Magne Thrana som også er økonomisjef i Molde kommune.

Ressurser

For 2018 er det 8,7 årsverk ved skatteoppkreverkontoret som benyttes til skatteoppkreverfunksjonen.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-andel fordelt
Skatteregnskap	1,0	11,5 %
Innfordring	5,0	57,5 %
Arbeidsgiverkontroll	2,2	25,3 %
Administrative oppgaver	0,5	5,7 %
SUM	8,7	100 %

Vurdering av ressurs situasjon og kompetanse

Kontoret mener å være riktig bemannet i forhold til oppgavene når alle ansatte er på plass. Kompetansen på seksjonen er god. Kontoret vil fortsatt være offensive i forhold til å oppdatere medarbeiderne faglig sett

1.2 Internkontroll

Rutinebeskrivelsen ble revidert høsten 2017 og oversendt Skatt-Midt Norge. Rutinebeskrivelsene blir oppdatert løpende.

1.3 Skatteutvalg

Det er ikke oversendt lempingssaker til Skatteutvalget i 2018.

1.4 Skattekontorets kontroll av skatteoppkreverfunksjonen

Skattekontoret har gjennomført stedlig kontroll av skatteoppkreverfunksjonen, jf. rapport datert 05.04.2018.

Skatteoppkreverkontoret er ikke gitt pålegg som følge av kontroll.

2. Skatteregnskapet

Skatteoppkreverens arbeid med skatteregnskapet innbefatter regnskapsføring, regnskapsavleggelse, behandling av inn- og utbetalinger, krav, periodisk oppgjør og fordeling til skattekreditorene.

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren bekrefter at skatteregnskapet for 2018 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

2.2 Vurdering av skatteinngangen

Det vedlagte årsregnskapet viser skatteinngangen for regnskapsåret 2018.

Total skatte- og avgiftsinngang i forhold til foregående regnskapsår

For 2018 har Aukra kommune en total skatte- og avgiftsinngang på 379 226 629 kroner. For 2017 var tilsvarende tall 406 788 702 kroner. Dette gir en nedgang på 27 562 073 kroner

Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Kommunens andel av skatteinntektene for 2018 er 97 066 156 kroner. For 2017 var tilsvarende tall 102 416 152 kroner. Dette gir en nedgang på 5 349 996 kroner.

2.3 Margin

Ved hvert periodiske oppgjør i inntektsåret og de seks første månedene i året etter inntektsåret skal skatteoppkrever holde tilbake en bestemt prosent av innbetalt forskuddstrekk og forskuddsskatt som margin. Marginen skal brukes til oppgjør med skattytere som får til gode skatt ved avregning.

Tabellen under viser marginavsetning for inntektsårene 2017 og 2018.

	per 31.10.2018 (inntektsåret 2017)	per 31.12.2018 (inntektsåret 2018)
Innestående margin	0	28 166 509
For mye avsatt margin		
For lite avsatt margin	312 093	
Prosentstans	10	

Kommentarer til marginavsetningen

Det er avsatt litt lite i marginavsetning for 2017. Det er i år ikke fremmet politisk sak om endring av marginprosenten.

3. Innfordring av krav

I henhold til skatteoppkreverinstruksen § 4-3 skal innfordring iverksettes uten unødig opphold etter forfall, og gjennomføres etter en helhetlig vurdering. Ved vurdering av innfordringstiltak skal skatteoppkreveren legge avgjørende vekt på tiltak som enkeltvis eller samlet bidrar til at oppgjør kan skje hurtig og effektivt, samtidig som det overfor skyldner blir utvist den hensynsfullhet og varsomhet som forholdene tillater.

3.1 Restanseutviklingen

Totale restanser og berostilte krav

Tabellen viser totale restanser og berostilte krav for 2018 og 2017, samt endring fra i fjor for restanse og berostilte krav.

Skatteart	Restanse 31.12.2018	Herav berostilt restanse 31.12.2018	Restanse 31.12.2017	Herav berostilt restanse 31.12.2017	Endring i	
					restanse	berostilt restanse
					Reduksjon (-) Økning (+)	Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	3 365 815	0	3 617 944	0	-252 129	0
Arbeidsgiveravgift	2 512	0	15 918	0	-13 406	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Finansskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	514 825	0	801 132	0	-286 307	0
Forskuddsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskuddsskatt person	44 750	0	195 817	0	-151 067	0
Forskuddstrekk	60	0	44 219	0	-44 159	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	26 332	0	26 844	0	-512	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt person	2 617 701	0	2 420 528	0	197 173	0
Tvangsmulkt	159 635	0	113 486	0	46 149	0
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	3 365 815	0	3 617 944	0	-252 129	0

Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Restansesituasjonen er tilfredsstillende og kontoret mener å ha kontroll på restansene og utviklingen i restansene.

Restanser eldre år

Tabellen viser totale restanser eldre år og restansene på restskatt person for de samme årene.

Inntektsår	Sum restanse (debit)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2016	129 069	77 478
2015	77 051	64 767
2014	536 649	523 248
2013 – 19XX	1 403 541	-----

Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2018: 2

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2018: 2 568

Skatteoppkrever har gjennomgått rapporten *Restanseliste – forelda krav* dato t.o.m. 31.12.2018.

3.2 Innfordringens effektivitet

Vurdering av resultatet pr. 31.12.2018

Kontorets innfordringsresultater er svært tilfredsstillende. I forhold til avtalte innfordringsmål har kontoret nådd alle mål.

Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Kontoret betjener fem kommuner og hver saksbehandler har samme nummerserie (fødselsnummer/organisasjonsnummer) i alle kommunene. Kontoret arbeider målrettet og rutinemessig, en strategi som gir gode resultater.

Skatteoppkrevers eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Kontoret vil jobbe ut ifra samme retningslinjer også i 2019.

Omtale av spesielle forhold

Ingen spesielle forhold å omtale.

3.3 Særnamskompetanse

Kontoret har benyttet særnamskompetansen i stor grad i flere år med hell. Ved bruk av egen namsmann kommer kontoret tidlig på banen og oppnår god kontakt med skatteyterne. Erfaringen er at dette gir gode innfordringsresultater og bidrar til en nyttig dialog med skatteyter.

4. Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

Kontoret hadde i 2018 to regnskapskontrollører. Ny regnskapskontrollør deltok i Oslo kommunes opplæring for regnskapskontrollører. En regnskapskontrollør har i de siste to månedene av 2018 vært utlånt internt i kommunen. Opplæring av ny kontrollør, samt utlån av kontrollør har påvirket resultatet dette året. Arbeidsgiverkontrollen betjener Molde, Vestnes, Nettet, Midsund og Aukra kommuner. I tillegg foretas noen kontroller for Fræna kommune. Tallene vedrørende arbeidsgiverkontrollen gjelder Molde, Vestnes, Nettet, Midsund og Aukra sett under et

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2018 var 82. Dette utgjør 5 % av totalt antall opplysningspliktige i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2018 var 58. Dette utgjør 3,5 % av totalt antall opplysningspliktige i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2017 var 73

4.3 Resultater fra kontrollene

Det er foreslått endret grunnlag arbeidsgiveravgift med 0,7 mill. kroner.

4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten


Kontrollaktiviteten er litt under forventet dette året. Kontrollmiljøet er lite og er sårbart i forhold til endring. En kontrollør har fulgt opplæringstilbudet til Oslo kommune dette året og vi håper at det bærer resultater i fremtiden.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Vi har foretatt 10 kunnskapskontroller dette året, ellers ikke noe spesielt samarbeid med andre kontrollorganer.

4.6 Gjennomførte informasjons- og veiledningstiltak

Kontoret har ikke gjennomført spesielle informasjonstiltak dette året.

Sted/dato: Molde, 21/1-19

Skatteoppkreverens signatur

Vedlegg: Årsregnskapet for 2018
 Vedlegg til årsregnskapet

Årsregnskap for Aukra kommune for 2018. Avlagt etter kontantprinsippet.

Dato: 15.01.2019 - 13:26

Utvalgsriterier:

Kommunenr	År	Hovedbokstype
1547	2018	K

Nivå 1	Valgt år	Forrige år
Likvider	28 362 021	29 814 217
Skyldig skattekreditorene	-186 255	-390 556
Skyldig andre	-9 253	-33 243
Innestående margin	-28 166 509	-29 390 414
Udlsponert resultat	-4	-4
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-53 913 608	-53 080 331
Kildeskatt mv - 100% stat	-8 067	-50 549
Personlige skatteyttere	-307 622 643	-331 932 433
Tvangsmulkt	-119 468	-90 053
Upersonlige skatteyttere	-17 318 048	-21 345 738
Renter	-250 826	-291 146
Innfordring	6 031	1 548
Sum	-379 226 629	-406 788 702
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	53 913 608	53 080 331
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	95 461 239	99 628 416
Fordelt til Fylkeskommunen	20 984 821	22 125 545
Fordelt til Staten	111 810 608	129 538 575
Fordelt til kommunen	97 066 156	102 416 152
Videresending plassering mellom kommuner	-9 803	-317
Sum	379 226 629	406 788 702
Sum totalt	0	0

Årsregnskap -kommune - sammendrag

Side 1 av 1



Romsdal kemnerkontor

21.01.2019

[Handwritten signature]



Skatteetaten

Datoen vår
15.02.2019

Datoen din/dykkar

Sakshandsamar
Ragnar Høyland

800 80 000
Skatteetaten.no

Referansen din/dykkar

Telefon
73865735

Kontrollutvalgsekretariat for Romsdal		Referansen vår 2019/5257005
Kommunenumr: 1547		
Dato: 27 FEB 2019		
Saks og saksnr: 1547	Løypenr: 087/19	
Arkivkode: 232	Gradering:	

Postadresse
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO

Kommunestyret i Aukra kommune
Kommunehuset Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjaren for Aukra kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 16. mai 2016.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

2. Om skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjarkontoret omfattar kommunane Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra kommune.

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2018	Tal årsverk 2017	Tal årsverk 2016
8,7	8,6	8,5

Kontoret meiner å ha nok ressursar og reknar kompetansen som god i følgje skatteoppkrevjar sin årsrapport.



3. Måloppnåing

Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2019. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Aukra kommune viser per 31. desember 2018 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 379 226 629 og utestående restansar² på kr 3 365 815.

Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2018 for Aukra kommune.

	Resultatkrav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav for regionen 2018 (i %)
